

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Osterøy kommune**

Kopi: Varamedlem, ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak, Vestlandsrevisjon IKS

**Innkalling til møte i kontrollutvalet i Osterøy kommune****Møtedato:** 21.09.2021, kl. 12.00 – ca. 15.30**Møtestad:** Bankbygget i Lonevåg (Møterom Osterøy Utvikling AS)**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
32/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	
33/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 08.06.2021	1
34/21	Skriv og meldingar a. Invitasjon til «Folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022»	2
35/21	Aktuelt i Osterøy kommune	
36/21	Forenkla etterlevingskontroll – økonomiåret 2020	3
37/21	Oppfølging av revisjonsrapport nr. 19 – Årsrekneskapen 2020	4
38/21	Orientering om status for økonomi 2021	
39/21	Orientering om investeringsprosjekt Kringastemma	5
40/21	Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon – bestillingsdialog	
41/21	Budsjett for kontrollarbeidet 2022	
42/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval	
43/21	Eventuelt	

Ber om ein melding dersom andre enn innkalla ønskjer å vere med i møtet. Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: [tonje.husum.aarland@regionnordhordland.no](mailto:tonje.husum.aarland@regionnordhordland.no) eller tlf.: 92858413. Det vert matservering i møtet.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: <http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>.

Med vennleg helsing

Kato Melchersen  
*Leiar i kontrollutvalet*Tonje Husum Aarland  
*Kontrollutvalssekretær*



## Osterøy kontrollutval

### Saksframlegg til møte 21.09.2021

---

#### **32/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste til møte vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 21. september 2021 er godkjent.*

#### **33/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 08.06.2021**

**Saksvedlegg:**

*Møteprotokoll frå møtet 08.06.2021*

**Saksopplysingar:**

Møteprotokollen frå førre møtet i kontrollutvalet 08.06.2021 vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Møteprotokoll frå møtet 8. juni 2021 er godkjent slik den ligg føre.*



### 34/21 Skriv og meldingar

a. Invitasjon til «Folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022»

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet har fått invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval arrangert av Vestland fylkeskommune 15. – 16. februar 2022. Invitasjon med program vil bli sendt ut medio oktober med påmeldingsfrist 1. november 2021.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.*

### 35/21 Aktuelt i Osterøy kommune

**Saksopplysingar:**

Rådmann og ordførar er beden om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Osterøy kommune.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

### 36/21 Forenkla etterlevingskontroll – økonomiåret 2020

**Saksvedlegg:**

*Forenkla etterlevingskontroll 2020, Vestlandsrevisjon IKS*

*Refusjon av sjukeløn – Forenkla etterlevingskontroll 2020, Vestlandsrevisjon IKS*

**Saksopplysingar:**

Vestlandsrevisjon IKS har gjennomført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for rekneskapsåret 2020, jf. kommunelova § 24-9.

Føremålet med forenkla etterlevingskontroll er å sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar, og er ein ny kontrolloppgåve etter



kommunelova. Val av område for forenkla etterlevingskontroll vert prioritert av revisor og skal skje med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering.

Tema for etterlevingskontrollen har vore sjukelønsrefusjonar. Kontrollen har ikkje gitt grunnlag for konklusjon med atterhald, men det føreligg enkelte manglar eller svakheiter ved kommunen sine rutinar som er nærare omtala i rapport om etterlevingskontroll for 2020, datert 30.06.2021.

Revisor vil i saka orientere nærare om gjennomføring, funn og tilrådingar etter kontrollen.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til etterretning og sluttar seg til revisor sine tilrådingar.*

### **37/21 Oppfølging av revisjonsrapport nr. 19 – Årsrekneskapen 2020**

Saksvedlegg:

*Revisjonsrapport nr. 19 – Årsrekneskapen 2020, Vestlandsrevisjon IKS*

Saksopplysingar:

I handsaminga av årsrekneskapen 2020, sak 16/21, vedtok kontrollutvalet å følge opp merknadene frå revisor omtala i revisjonsrapport nr. 19 knytt til revidering av kommunen sitt årsrekneskap for 2020. Revisjonsrapport nr. 19 er utarbeida knytt til årsoppgjeret for 2020 og gjev ei oppsummering av feil og manglar revisor har avdekket som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapen som heilskap, samt om atterhald knytt til uttalen.

Rådmann/administrasjonen vil i møtet gje ei orientering om oppfølging av merknadene.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*



### 38/21 Orientering om status for økonomi 2021

**Saksopplysingar:**

Rådmann/administrasjonen er beden om å gje ei orientering om status for økonomi i Osterøy kommune så langt i 2021.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

### 39/21 Orientering om investeringsprosjekt Kringastemma

**Saksvedlegg:**

*Rapport om investeringsprosjekt Kringastemma, Osterøy kommune*

**Saksopplysingar:**

Heradsstyret fekk i møtet 17.06.2021 ei orientering om rapport frå investeringsprosjektet Kringastemma, med fokus på utgreiing av byggeprosjektet. Dokumentet er utarbeida som eit læringsdokument om «korleis Osterøy kommune kan gjennomføre investeringsprosjekt med betre økonomikontroll og unngå økonomiske overskridingar», samt å «setje fokus på korleis ein skildrar kvalitet i investeringsprosjekt, korleis ein kan følgje oppsatt plan og levere investeringsprosjekt innan tidsramma».

Administrasjonen har gjennomgått byggeprosjektet med juridisk bistand, og i utgreiinga er det trekt frem vurderingar kring læringspunkt etter erfaringane frå investeringsprosjekt Kringastemma.

Heradsstyret gjorde følgjande vedtak i saka:

*«Kontrollutvalet får i oppdrag å sjå nærare på saka. Målet er å finna læringspunkta slik at slikt ikkje kan skje igjen.»*

Rådmann/administrasjonen er beden om å orientere nærare om investeringsprosjekt Kringastemma i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til etterretning og vurderer vidare oppfølging.*



## 40/21 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon - bestillingsdialog

### **Saksopplysingar:**

Heradsstyret vedtok i sak 105/20 plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Helse og omsorg; Kriteriar for vedtak og total vedtaksmengd og -utforming samanlikna med samanliknbare kommunar
2. Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering
3. Politiske vedtak; vedtaksutforming og oppfølging
4. Barnevern; tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Etterleving av forvaltningsreglar i undersøkingssaker
5. Kvalitet i skulefritidsordninga
6. Varsling, etikk og habilitet

Følgjande område ligg som uprioriterte område i planen:

- Styringssystem for eigedomsforvaltning
- Internkontrollsystem
- Styringssystem for vatn- og avløp
- IKT Nordhordland

Heradsstyret vedtok å delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen.

Kontrollutvalet fekk i sak 27/21 i førre møtet ei orientering om organisering og tenesteområder innan helse- og omsorg. I saka drøfta kontrollutvalet oppfølging av planen, første prioriterte prosjekt og moglege avgrensingar for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan området.

Det vert lagt opp til ei drøftingsrunde i møtet, der forvaltningsrevisor vil komme med innspel til aktuelle avgrensingar for moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering og vurderer å bestille prosjektplan for prioritert forvaltningsrevisjonsprosjekt.*

**41/21 Budsjett for kontrollarbeidet 2022****Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver er lovregulert, og utvalet sitt ansvarsområde kan delast inn i tre områder; kontrollutvalet sine egne aktiviteter, kostnader knytt til sekretariatstenester og kostnader knytt til revisjonstenester.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta. I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2022. Det er lagt opp til 5 møter, men tal møter kan auke dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår. Det er i budsjettforslaget ikkje teke høgde for ekstraordinært ressursbehov i kontrollsamanheng.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2022:

	<b>Utgiftspostar</b>	<b>Framlegg til budsjett</b>
1	Revisjon	1 160 000
2	Sekretariat	110 000
3	Godtgjersle, tapt arb., reise, m.m.	100 000
4	Diverse møteutgifter	18 000
5	Kontigenter (faglit.)	2 000
6	Opplæring/kurs - kontrollutvalet	30 000
	<b>Total budsjettramme</b>	<b>1 420 000</b>

- 1) Det er under utarbeidning ny avtale med kostnadsfordeling knytt til samanslåing av revisjonsselskapa til Vestlandsrevisjon IKS. For Osterøy kommune er det forventa at kostnaden vert om lag på same nivå som avtalen til no.
- 2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat er rekna etter avtalt kostnadsfordeling mellom kommunane.
- 3) Kontrollutvalet sine egne utgifter er knytt til fast årleg godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter og tilhørande sosiale kostnader.
- 4) Diverse møteutgifter som møtemat, og evt. møterom dersom det vert behov for å leige anna stad enn kommunehuset.



5) Abonnement på faglitteratur.

6) Kontrollutvalet bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert arrangert kurs for kontrollutval nasjonalt og i aukande grad digitalt av fagorganisasjonane NKRF og FKT, samt Vestland fylkeskommune og revisjonsselskap.

Kontrollutvalet leggjer fram eit forslag til spesifisert budsjett for kontroll og tilsyn. Kommunestyret fastset den totale budsjettamma.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettamme for kontrollarbeidet i 2022 på kr 1 420 000.*

#### **42/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Innkallingar og møteprotokollar frå politiske utval kan ein finne her:

<http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Framlegg til vedtak:

*Ingen framlegg til vedtak.*

#### **43/21 Eventuelt**

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*





## Osterøy kontrollutval

### Møteprotokoll

Møtedato: 08.06.2021, kl. 12.00 – 15.30  
Stad: Heradsstyresalen  
Tilstade: Kato Melchersen (leiar), Margrethe Riple Ådland (nestleiar), Ann Christin Reigstad (medlem), Ole Johannes Mjøs (medlem) og Jon Daltveit (medlem)  
Forfall:  
Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit  
Frå revisjonen: Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland, Vestlandsrevisjon IKS  
Sekretær: Tonje Husum Aarland, Region Nordhordland IKS

---

#### 22/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste til møte vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 8. juni 2021 er godkjent.*

**Behandling i møte:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 8. juni 2021 er godkjent.



## 23/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 04.05.2021

### Saksvedlegg:

*Møteprotokoll frå møtet 04.05.2021*

### Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet i kontrollutvalet 04.05.2021 vert lagt fram til godkjenning.

### Framlegg til vedtak:

*Møteprotokoll frå møtet 4. mai 2021 er godkjent slik den ligg føre.*

### Behandling i møte:

Møteprotokollen frå sist møte er godkjent.

### Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 4. mai 2021 er godkjent slik den ligg føre.

## 24/21 Skriv og meldingar

a. Uavhengighetserklæring, Vestlandsrevisjon IKS

### Saksopplysingar:

Oppdragsansvarleg revisor har gitt stadfesting av sin uavhengighet til Osterøy kommune, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 15 og kommunelova § 24-4.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.*

### Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjennomgjekk skriv og meldingar.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.



## 25/21 Aktuelt i Osterøy kommune

### **Saksopplysingar:**

Rådmann og ordførar er beden om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Osterøy kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

### **Behandling i møte:**

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte om aktuelle saker i Osterøy kommune.

Det vart mellom anna orientert om:

- Førebuing til politiske møter før sommaren
- Fråvær og utfordringar knytt til dette
- Skifte av fag- og kvalitetssystem
- Koronasituasjonen; testing, smittesporing og vaksinerings
- Vassforsyning
- Dagsturhytte

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.


## 26/21 Forvaltningsrevisjonsrapport Barn og unge

### **Saksvedlegg:**

*Forvaltningsrevisjonsrapport Barn og unge, Vestlandsrevisjon IKS*

### **Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet vedtok i sak 26/19 i møtet 05.09.2019 ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon med fokus på tenestetilbod til barn og unge innanfor oppvekstsektoren. Det har vore gitt løypemeldingar frå revisor om utsetting og oppdatert tidsplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet i sak 30/20 og sak 58/20.



Problemstillingane i forvaltningsrevisjonsprosjektet har vore:

1. Har Osterøy kommune system for å skape gode og trygge overgangar frå barnehage til skule og SFO?
2. Har Osterøy kommune eit system for tidleg innsats i oppvekstsektoren som sikrar at fagleg utvikling vert kartlagt, vurdert og følgd opp?
3. Har Osterøy kommune rutinar særskilt retta mot oppfølging av born som ikkje går i barnehage?
4. Har Osterøy kommune rutinar for rapportering av styringsinformasjon til kommunestyret som skuleeigar?

For å svare på problemstillingane har revisjonen gjennomført dokumentanalyse, spørjeundersøkingar og nokre intervju. Gjennomgangen viste fleire forbetringsspunkt, og revisjonen tilrår at Osterøy kommune:

- supplerer overgangsplanen i høve til overgang frå barnehage til skulefritidsordning.
- vurderer å leggje til rette for tettare samarbeid og meir kunnskap om innhald i rammeplan, læreplan og pedagogisk innhald på tvers av einingane gjennom til dømes kurs, kunnskapsdeling eller felles pedagogiske program for einingar og aktørar.
- evaluerer eksisterande overgangsplan, gjennomgår dei erfaringar dei ulike einingane har gjort seg, tidlegare praksis, samt innspel og ynskje frå dei ulike aktørane.
- vurderer om det er element i overgangsplanen som bør vere obligatoriske eller valfrie.
- vurderer å etablere forum for drøfting og erfaringsdeling frå arbeidet med intensiv opplæring for ulike trinn eller fag som eit ledd i innarbeiding av nye rutinar for intensiv opplæring og tidleg innsats.
- erstattar eksisterande praksis der ressursar blir tildelt trinn og fordelt av trinnteam med ein rein behovsstyrt modell.
- evaluerer korleis ein informerer om- og synleggjer tilbodet om spesialpedagogisk hjelp ovanfor born og familiar som ikkje nyttar retten til barnehageplass.
- vurderer supplerande plassering av informasjon om retten til spesialpedagogisk hjelp på kommunen si heimeside.
- evaluerer eigen tilstansrapport i høve til ny mal og tilrådingar frå Utdanningsdirektoratet.

Revisor vil i møtet orientere om rapporten og svare på spørsmål frå kontrollutvalet.



**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i heradsstyret om å be administrasjonen følgje opp tilrådingane. Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane i løpet av hausten 2021.*

**Behandling i møte:**

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland orienterte om forvaltningsrevisjonsrapport barn og unge og orienterte nærare om sentrale funn og tilrådingar til Osterøy kommune.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar. Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte nærare om administrasjonen sin oppfølging av tilrådingar og utvikling innan området.

Kontrollutvalet peika på at det er viktig at administrasjonen følgjer opp revisor sine tilrådingar og utviklar planar, system og rutinar jamfør desse.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i heradsstyret om å be administrasjonen følgje opp tilrådingane. Kontrollutvalet ber om ei skriftleg tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane i løpet av hausten 2021.

**Innstilling til vedtak i heradsstyret:**


Heradsstyret sluttar seg til tilrådingane, og ber administrasjonen følgje opp desse og gje ein skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet om oppfølging av tilrådingane i løpet av hausten 2021.

## **27/21 Orientering om helse og omsorg; organisering og tenesteområder**

**Saksopplysingar:**

Eit av dei prioriterte områda i plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 er område helse og omsorg, og kontrollutvalet tinga i sak 19/21 ei orientering om tenesteområdet helse og omsorg.

Administrasjonen er beden om å gje ei overordna orientering om tenesteområdet i møtet med fokus på organisering og tenester innan området.



Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

Behandling i møte:

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte i saka.

Det vart orientert nærare om:


- organisering av området; driftskoordinator, helsetenester, NAV/sosialtenesta, Osterøytunet, heimetenesta, bu- og avlastningstenesta, psykisk helse og rusomsorg
- 250 årsverk innan området fordelt på 383 tilsette
- personintensive tenester og døme på samhandling internt / eksternt
- rekrutteringsutfordringar og tiltak innan området
- oppfølging av tilsette
- pleiebehov aukar i institusjonar
- planlegging og utbygging av kommunale bygg
- kostnadsutviklinga innan området
- organisasjonsutvikling og tenestetilbod
- utvikling av fagsystem og teknologi
- analyse av korleis tenestene er organisert og påverknad på ressursbruken
- det er skilt mellom vedtaksmynde og tenesteytinga; forvaltningstenesta gjer vedtak knytt til bu- og avlastningstenester, med unntak av vedtak innan rus og psykiatri
- det kan vere nyttig å vurdere korleis ein kan jobbe på tvers om overgangen mellom barn, ungdom og vaksne som har enkeltvedtak knytt til seg – sikre god informasjonflyt og planlegging
- vurderingar kring kriterer for vedtak
- dialog og informasjonflyt om tilbod og tiltak.

Kontrollutvalet drøfta oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon og første prosjekt som ligg i planen «Helse og omsorg; kriterar for vedtak og total vedtaksmengd og utforming samanlikna med samanliknbare kommunar». Kontrollutvalet drøfta innfallsvinkel og føremål for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Det er mellom anna viktig at forvaltningsrevisjonsprosjektet treff både intensjonen til heradstyret sin prioritering, samtidig som den gjev ein nytteverdi for heradet med tanke på forbetring av system og rutinar innan området.

Kontrollutvalet oppmodar til at medlemmene reflekterer over kva avgrensingar som vil kunne vere nyttige å gjere i ein forvaltningsrevisjon innan tenesteområdet helse, omsorg og sosial, og at det vert lagt opp til ei drøftingssak knytt til dette på neste møte i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



## 28/21 Orientering om investeringsprosjekt

### Saksopplysingar:

Eit av dei prioriterte områda i plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 er om prosjektering, oppfølging og rapportering knytt til investeringsprosjekt.

Kontrollutvalet tinga i sak 19/21 ei orientering om dette til førstkomande møte.

Administrasjonen er beden om å gje ei overordna orientering om større investeringsprosjekt i Osterøy kommune.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

### Behandling i møte:

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte nærare om investeringsprosjekt og peika nærare på:

- manglande prosjektleiarkompetanse til oppfølging av større prosjekt
- politisk handsaming og mynde til oppfølging av mindre prosjekt
- prosess for oppfølging av prosjekt med betre skildringar for premissane
- budsjettjusteringar kring investering
- planar for vedlikehald og rehabiliteringsprosjekt
- rapportering kring investeringsprosjekt og rutinar for god oppfølgingsdialog mellom heradsstyret og administrasjonen.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## 29/21 Orientering om status for økonomi 2021

### Saksopplysingar:

Administrasjonen er beden om å gje ei orientering om status for økonomi i Osterøy kommune så langt i 2021.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*



**Behandling i møte:**

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte i saka.

Det vart nærare orientert om 1. tertialrapport og status for økonomien. Kommunen ligg an til eit positivt avvik på kring 2,3 mill. kr, med ein høgare inntekt enn budsjettert. Det er eit overforbruk innan rådmann og stabsseksjonar, medan oppvekst, undervisning og kultur har eit mindreforbruk. Dei andre tenestene ligg omtrent som budsjettert.

Det var vidare orientert om koronakostnader og kommunen rekner med å få om lagt 11 mill. kr i tilskot knytt til korona.

Tensteområdet helse og omsorg er den sektoren med stort usikkerheit rundt auken i behov og ugifter i 2021.

Det var elles peika på bundne driftsfond og behov for gjennomgang av kva ein kan løyse opp.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

### **30/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Innkallingar og møteprotokollar frå politiske utval kan ein finne her:

<http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

**Framlegg til vedtak:**

*Ingen framlegg til vedtak.*

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalet gjennomgikk møteprotokollar frå politiske utval.

Det vart bemerkta at det var dårleg lyd på streamingen av møtet i formannskapet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.





### **31/21 Eventuelt**

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*

#### **Behandling i møte:**

Ingen saker under eventuelt.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen saker under eventuelt.

**Neste møte:** tysdag 21. september kl. 12.00.

Osterøy, 08.06.2021

Kato Melchersen  
*Leiar i kontrollutvalet*

Tonje Husum Aarland  
*Kontrollutvalssekretær*

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

Vår referanse 2021/43406-1  
Dato 18.08.2021

---

Kontrollutval i kommunar i tidlegare Hordaland fylke

## Folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har til hensikt å arrangere folkevaldopplæring for kontrollutval i kommunar i tidlegare Hordaland fylke, slik me har gjort annan kvart år sidan 2012.

Opplæringa skal haldast på Solstrand Hotel & Bad, Solstrandveien 200, 5201 Os i tidsrommet **15.02. - 16.02.2022.**

Ved deltaking på denne folkevaldopplæringa vil du få påfyll til din faglege ståstad. Dette vil gjera deg betre i stand til å gjera eit enno betre arbeid i kontrollutvalet. Vidare vil du kunne knytte nye og nyttige kontaktar med kontrollutvalsmedlemmer i andre kommunar og kunne utveksle erfaringar på korleis ein praktisk gjennomfører arbeidet i andre kontrollutval. Vi oppmoder deg til å melde deg på.

### Målgruppe:

Målgruppa for folkevaldopplæringa er medlemmar i kontrollutval og sekretariat for kontrollutvala for kommunar i tidlegare Hordaland fylke.

### Pris:

Pris pr. deltakar er stipulert til ca. kr.3 900. Dette skal dekke det hotellet skal ha for heile opphalde og faktura vert i si tid send frå hotellet direkte til den einskilde kommune.

Invitasjon med program vil verta send ut medio oktober 2021 med påmeldingsfrist til 01.11.2021.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*